

Vedmaskinar sel som aldri før



Ein av dei nye vedmaskinane vert monterte i fabrikkhallen til Lid Jarnindustri AS. Frå venstre står maskinkonstruktøren, Ole Bjørn Høyland, monterane Thorvald Tørvik og Kjell Steinar Fosso.

Aldri så gale at det ikkje er godt for noko. Etter at straumprisane fauk i véret, slik han gjorde i vinter, har etterspurnaden etter ved auka monaleg.

– Produksjonen av vedmaskinar har dobla seg på landsbasis dei siste par åra, seier marknadssjef Dag Rune Lid ved Lid Jarnindustri AS på Norheimsund som snart lanserer ny modell.

WENCHE M. ERIKSEN

– Kvar gong det vert snakka om dei høge straumprisane i media, vert det jo ein indirekte reklame for vedfyring, seier Dag Rune Lid.

– Fleire og fleire bønder satsar no på vedsal som ei attåttnæring, og det er plenty å ta av, for det gror meir og meir til av lauvskog rundt omkring på bygdene, seier han.

Han fortel at det har vore eit jamnt trykk i produksjonen av vedmaskinar og kløyvemaskinar det siste året.

– Høysesongen er i februar/mars, og trass i skarp konkurranse frå andre produsentar, mellom anna frå austeuropeiske lågkostland, er etterspurnaden upåklageleg. Om me ikkje klarar å tevla på prisen på slike importerte produkt, tek me mykje att ved å levera kvalitetsprodukt, reklamerer forretningsmannen.

Ny vedmaskin med sagkjede
Fabrikken har nyleg utvikla ein ny vedmaskin, og i produksjonshallen står eit ferdig montert eksemplar av sorten, medan andre er under montering.

– Kva skil denne nye modellen frå den gamle vedmaskinen?

– Hovudforskjelen er at den nye maskinen har sagkjede, og ein stokkediameter på 44 cm, medan den gamle typen har eit sagblad av



Marknadssjef Dag Rune Lid ved Lid Jarnindustri AS

hardtmetall og ei begrensing på 29 cm. Nyemodellen har dessutan ein del oppgraderte tekniske løysingar seier Lid.

– Kor lang leveringstid er det på ein slik maskin?

– Leveringstida for den nye typen ligg på rundt tre månader, medan gamletypen kan leverast etter ein månad.

I november vil fabrikken presentera endå ein ny vedmaskinvariant på Agroteknikk-utstillinga.

– Denne modellen er mindre og enklare å handtera, og han vert lansert i februar/mars.

– Er han så liten og enkel at einkvar husfar kan handtera han?

– Nei, det veit eg no ikkje heilt, ler han.